

Referat A rsmøte Alver kulturra d

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Fanebust, Henrik (10.01.1997), signert 24.05.2024 med Signicat Sign BANKID
- Larsen, Øyvor Haldis (01.05.1951), signert 25.05.2024 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Referat frå Årsmøte for Alver kulturråd

17. april 2024, Alver bibliotek, Knarvik

Leiar i Alver Kulturråd innleia møtet.

1. **Registrering/godkjenning av frammøtte representantar**, sjå eigen liste.

2. **Godkjenna innkalling og sakliste**

Ingen kommentarar, godkjend.

- **Val av ordstyrar:**

Styret foreslo Johan Myking som ordstyrar. Ingen andre framlegg frå årsmøtet, Myking vart vald. Ordstyrar Johan Myking overtek møteleiinga.

- **Val av to referentar:**

- Morten Sæle
- Ingrid Hindenes

- **Val av to representantar til signering av protokoll:**

- Henrik Fanebust
- Øyvor Haldis Larsen

3. **Årsmelding 2023/24**

Leiar Ivar Hopland orienterte,

Kommentar årsmelding:

Eileen Feste: Vil legge til at Alver Kulturråd har uttalt seg om alle kulturtildelingane, det er ingen liten jobb.

Spørsmål frå salen om å utdjupe meir om felles utfordringar for alver kulturråd og td idrettsrådet.

Leiar Ivar Hopland orienterte. Tok opp økonomi og kulturhus som døme, også det å få engasjert medlemsmassen. Nokre er veldig aktive, andre ser vi ikkje så mykje til. Utfordring knytta meir kontakt, til dømes ved å besøke.

Ordstyrar tolkar at årsmøtet er godt nøgd med aktiviteten.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek årsmeldinga med dei kommentarar som kom fram i møtet. Samrøystes.

4. **Rekneskap**

Kasserar Raymond Solli orienterte.

Vedtak:

Rekneskapen vart godkjend utan merknader

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fanebust, Henrik (10.01.1997), 24.05.2024
- Larsen, Øyvor Haldis (01.05.1951), 25.05.2024

Forseglet av



Posten Norge

5. Innkomne saker:

Ingen innkomne saker frå medlemslaga. Styret hadde meldt inn følgjande saker:

a) Vedtektsendringar §1, §4 og § 6

Sekretær Morten Sæle orienterte.

Bakgrunnen for forslaget er å:

- Klargjera Alver Kulturråd sitt føremål
- Få ein tydeleg definisjon av organisasjonen si oppbygging
- Få på plass gode kriterier for medlemskap i Alver Kulturråd

Dette inneber:

- Presiseringar i §1, og flytting av kriteria for medlemskap frå §1 til §4.
- §2 er utvida med definisjon av styresamansetninga, og retningslinjer for samansetting av styret med tanke på kjønn, mangfald og breidde.
- Skifte namn på §4 fra «Kontingent» til «Medlemskap», som også dekkjer punktet om kontingent.

Morten Sæle presenterte forslag til vedtektsendringar:

Gjeldande paragraf:

§ 1 Føremål

Alver Kulturråd skal arbeida for best moglege tilhøve for kulturen i Alver kommune. Kulturrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom frivillege lag og organisasjonar innan kulturfeltet, som ikkje høyrer inn under NIF (Norges idrettsforbund). Lag som i hovudsak er registrert i frivillegeregisteret, kan verte medlemmer. Rådet skal vere partipolitisk nøytralt.

Framlegg til endring:

§ 1 Føremål

Alver Kulturråd skal arbeida for best moglege tilhøve for kulturen i Alver kommune. Kulturrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom frivillege lag og organisasjonar innan kulturfeltet. Rådet skal vere partipolitisk nøytralt og livssynsnøytralt.

Det vart opna for spørsmål og merknader frå salen: Ingen merknader/spørsmål til § 1.

Gjeldande paragraf:

§ 2 Organisasjon

Alver Kulturråd er eit organ for alle lag og organisasjonar nemnt under § 1 og som er medlem av kulturrådet.

Framlegg til endring:

§ 2 Organisasjon

Styret skal bestå av 1 leiar, 6 styremedlemer og 2 varamedlemer. Leiar og styremedlemmane vert valde av og innan medlemslaga sine medlemmar. Styremedlemmar vert valde for 2 år i rotasjon. Styret i Alver Kulturråd skal spegle breidda og mangfaldet i samfunnet vårt. Det skal tilstrebast ei balansert kjønnsfordeling. Vidare skal det takast omsyn til etnisk, kulturelt og aldersmessig mangfald i samansetninga av styret. Dette er for å sikre at styret kan dra nytte av eit breitt spekter av perspektiv og erfaringar, noko som er

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fanebust, Henrik (10.01.1997), 24.05.2024
- Larsen, Øyvor Haldis (01.05.1951), 25.05.2024

Forseglet av



Posten Norge

avgjerande for å fremje eit inkluderande og mangfaldig kulturliv. Alver Kulturråd forpliktar seg til å arbeide aktivt og målretta for å oppnå denne samansetninga, og vil ved rekruttering til styret leggje vekt på å identifisere kvalifiserte kandidatar som saman kan bidra til å oppfylle desse måla.

Det vart opna for spørsmål og merknader frå salen: Det vart stilt spørsmål om kvifor det skal veljast tre stykk. Svaret er at det handlar om å ha ein god rotasjon i styret. Det vert bemerkta at slik det står no vert det litt uklart. Det vart stilt spørsmål ved om denne § er naudsynt da det framkjem i anna §6 at det skal være 6 styremedlemmer og at det skal roterast, dvs. halve styret på val anna kvart år.

Gjeldande paragraf:

§ 4 Kontingent

Medlemene betaler ikkje kontingent. Kulturrådet sin økonomi vert stetta ved kommunale løyvingar og eventuelle andre eksterne midlar.

Framlegg til endring:

§ 4 Medlemskap Alle lag og kulturorganisasjonar som har sitt virke innanfor amatørkulturlivet og/eller som har hovudvekta av arbeidet sitt innanfor amatørkulturområdet kan vera medlem av kulturrådet. Idretten er unnateken då den sorterer under Alver Idrettsråd. Styret har fullmakt til å godkjenne nye medlemmar. Medlemskap i rådet er gyldig når laget/organisasjonen har stadfesta medlemskapen, og har ein ansvarleg kontaktperson vald av medlemsorganisasjonen. Medlemslaga betaler ikkje kontingent. Kulturrådet sin økonomi vert stetta ved kommunale løyvingar og eventuelle andre eksterne midlar.

Det vart opna for spørsmål og merknader frå salen: Ingen merknader/spørsmål til § 4.

Gjeldande paragraf:

§ 6 Årsmøte (kun endringar i punktet «Årsmøtet skal velja»)

Årsmøtet skal velja:

- a) Styreleiar vald for 1 år
- b) 4 styremedlemer
- c) 2 varamedlemer valde for 1 år om gongen
- d) Valkomitè med leiar og 2 medlemer valde for 1 år

Framlegg til endring:

Årsmøtet skal velja:

- a) Styreleiar vald for 1 år
- b) 3 styremedlemer vald for 2 år
- c) 2 varamedlemer valde for 1 år om gongen
- d) Valkomitè med leiar og 2 medlemer valde for 1 år

Det vart opna for spørsmål og merknader frå salen: Det kom merknad om at det gjeldande § 6 er grunn til å tru at talet 4 må være ein feil som har sneke seg inn ein gong, det har aldri vore praktisert.

Vedtak

Nye vedtekter samrøystes vedteke med dei endringar i § 6 som kom fram i møtet.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fanebust, Henrik (10.01.1997), 24.05.2024
- Larsen, Øyvor Haldis (01.05.1951), 25.05.2024

Forseglet av



Posten Norge

- b) **Samarbeidsavtale med Alver kommune.** Orienteringssak. Leiar Ivar Hopland orienterte.

Vedtak:

Årsmøtet tek samarbeidsavtalen til orientering. Samrøystes vedteke

- c) **Styringsdokument Facebook,** orienteringssak. Morten Sæle orienterte.

Ordstyrar påpeika at rådet har nådd nytt nivå av profesjonalitet. Ingen andre kommentarar frå årsmøtet.

Vedtak:

Årsmøtet tek dokumentet til orientering.

- d) **Kulturhus-sete 2030**

Mette Marei Træland og Kjersti Wiik orienterte.

Innspel frå årsmøtet:

Ivar Hopland: målet er å halda engasjementet for kulturhus varmt.

Pengane som kjem inn må ikkje forsvinna inn i kommunekassen.

Vedtak:

Årsmøtet sluttar seg til styret sine tankar om KULTURHUS-SETE 2030. Det skal opprettast ei arbeidsgruppe som arbeider vidare med saka. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å peike ut arbeidsgruppa. Samrøystes vedteke ved akklamasjon.

6. Handlingsplan 2024/25

Leiar Ivar Hopland orienterte.

Kommentarar/spørsmål:

Henrik: Er medlemslaga spurte om alle er for at det vert jobba for eit kulturhus

Ingrid: Styrke saken om ein tar ut kartlegging, godt grunnlag arbeida vidare på. Kan vera positivt for saka. Alltid bra folk får seia si meining, men då viktig at ein sit i same rommet. Ser motsetnad mellom regionalt kulturhus og ungdomshus/samfunnshus, er kjend problemstilling.

Vanleg at den kjem opp. Kan verta veldig skeivt om ikkje kjenner til kva ein vil med slikt kulturhus. At me ikkje kan dela ut Medaasprisen i Alver kommune, det må vi ta på alvor. Dei profesjonelle fer forbi, korpsa fer forbi. Kino, med all respekt for bygdekino, har ikkje det. Det er mykje vi manglar som ikkje fortrenger dei små arenaene.

Viktoria Moldekleiv, Leven: Eg kunne tenkt meg at ein gjer kartlegging på behov. Som rockeklubb merker mykje ikkje er dekkja. Ønsker at kulturrådet gjer ei slik kartlegging.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fanebust, Henrik (10.01.1997), 24.05.2024
- Larsen, Øyvor Haldis (01.05.1951), 25.05.2024

Forseglet av



Posten Norge

Victoria: Vi må jobbe for få oversikt over lokasjonar som er tilgjengelege, kven snakkar vi med.

Ordstyrar: Ønske om kartlegging av behov. Det som kjem fram i debatten er god nok føring for styret.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek handlingsplanen med dei merknader som kom fram i møtet. Samrøystes.

7. Budsjet:

Kasserar Raymond Solli orienterte. Han påpeika ein feil i kommunal støtte, som no er redusert til kr 40.000,-

Frå salen vart det også peika på at det i overføring frå 2023 var ført feil sum, jamfør rekneskapen presentert i sak 4.

Desse to punkta vert retta i budsjettframlegget:

- Kommunal støtte vert redusert med kr 10000, den er no kr 40000,-
- Overføring frå 2023 er kr 85097,-

Vedtak:

Årsmøtet vedtek budsjettet for 2024 med dei endringane kasserar har gjort greie for. Samrøystes vedteke

8. Val

Valnemda har bestått av Karin Monstad og Ingrid Hindenes. Karin Monsen presenterte følgende innstilling frå valnemnda:

verv			Framlegg:	Vald for:
Leiar	Ivar Hopland	Alverrevyen	Attval	1 år
Styremedlem	Kjersti Wiik	Musikkens venner Nordhordland	Attval	2 år
Styremedlem	Marit Gro Berge	Alversund mållag	Ny	2 år
Styremedlem	Henrik Fanebust	Kløvheim ungdomslag	Ny	2 år
Varamedlem	Laura Camilla Størseth	Sagstad skulekorps	Ny	1 år
Varamedlem	Heidi Johansen Mongstad	Radøy sogelag	Ny	1 år

Vedtak: Valnemnda sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Det nye styret vert slik:

verv			Framlegg:	Vald for:
Leiar	Ivar Hopland	Alverrevyen	Attval	1 år
Styremedlem	Kjersti Wiik	Musikkens venner Nordhordland	Attval	2 år
Styremedlem	Marit Gro Berge	Alversund mållag	Ny	2 år
Styremedlem	Henrik Fanebust	Kløvheim ungdomslag	Ny	2 år
Varamedlem	Laura Camilla Størseth	Sagstad skulekorps	Ny	1 år
Varamedlem	Heidi Johansen Mongstad	Radøy sogelag	Ny	1 år

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fanebust, Henrik (10.01.1997), 24.05.2024
- Larsen, Øyvør Haldis (01.05.1951), 25.05.2024

Forseglet av



Posten Norge

<i>Desse styremedlemmene er ikkje på val før neste årsmøte:</i>				
Styremedlem	Mette Marei Træland	Nordhordland kunstlag		
Styremedlem	Morten Sæle	Nordhordland kunstlag		
Styremedlem	Raymond Solli	Lindås Brass		

Val av medlemmer til valnemnd:

Valnemnda ber om at styret førebur kandidatar til valnemnda til neste årsmøte

Ivar Hopland fremma forslag om sitjande medlemmer, og i tillegg Signar Kristoffersen
Leiar av valnemnda Ingrid Hindenes.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

Ny valnemnd vert slik:

Ingrid Hindenes, leiar
Karin Monstad
Signar Kristoffersen

Møteleiar takka for godt årsmøte, og gav møteleiinga tilbake til leiar Ivar Hopland.

Leiar takka Myking for god møteleiing, og takka av utgåande medlemmer styret, før han
ønskte velkommen nye medlemmer.

Årsmøtet vart heva.

Signering av protokoll:

Øyvor Haldis Larsen

Henrik Fanebust

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fanebust, Henrik (10.01.1997), 24.05.2024
- Larsen, Øyvor Haldis (01.05.1951), 25.05.2024

Forseglet av



Posten Norge